Vikebygd Grendeutval styremøte 22.09.2026

Stad: Hjå Gunn

Tilstade: Gunn Vikingstad, Gudvin Hetland, Vendel-Agathe Skartland-Hide og Anna Langhelle.

Saksliste:

1. Vegskilt i bygda
2. Kasse til leiker
3. Søkje nye SØK-midlar
4. Vindkraftmøte i Ølen
5. Stolpejakt
6. Namnesak frå Vindafjord kommune
7. Tilbod om kurs
8. Trovåg vel
9. Tildeling av SØK-midlar
10. Sparekonto
11. Totalberedskapsåret

Sak	Drøfting	Avgjerd/ansvar
Vegskilt i bygda	Dele bygda i tre: nord, midt sør. Nord: påle ved Bakkafossen. 6 skilt/piler på pålen (kvite prikkar under) • Toppskilt (her er eg no:) Bakkafossen ○ Årvik ○ Skartland ○ Vasslia	Gunn tek det vidare.

	○ Årvik gamle skule ○ Tindeland ○ Bjoa ○ (Kvame? Eller skal den stå i sentrum?) Midt: påle i sentrum og på kaia. 10 skilt/piler i sentrum, 6 skilt/piler på pålen på kaia. • Sentrum: ○ Speidarloftet ○ Bygdahuset og idrettshallen ○ Gamlatunet ○ Leikeplassen og trimparken ○ Hyttefeltet ○ Plassabakeriet ○ Dommarsnes ○ Kyrkja ○ Bedehuset ○ Alnaåsen og gamlaløa • Kaia: ○ Vikestølen og vassverket ○ Joker ○ Frisør ○ Døvika ○ Naustvika ○ Skjeljavika Sør: påle ved busstoppet på Trovågsfeltet. 6 skilt/piler på pålen. ○ Trovåg/Trovåg laks ○ Bjordal (og Bjordalsbrua?) ○ Ulvebnes	

	○ Trovågsfeltet ○ Tonjen ○ (Isvik?) Burde vi ha hatt ei QR-kode som «koplar» skilta saman? Eventuelt til seinare: ha QR-koder på alle skilta med informasjon om stadane.	
Kasse til leiker	Anna har høyrt om vi får sette opp kasse ved bana på Bryggebakken, det får vi lov til.	Anna ordnar ei trekasse.
Nye SØK-midlar	Frist for oss 15. oktober. Søkjer om 110 000 kr.	Anna sender søknad.
Vindkraftmøte i Ølen	Vindafjord Høgre har invitert til møte i Ølen 15. oktober 18:00-19:00 på Rådhuset.	Dei som kan stiller saman med dei andre grendeutvala. Gunn tek i alle fall turen.
Stolpejakt	Avslutta for i år, går vidare om bygdene vil vere med. Vi ynskjer å halde fram. Alexander Vølstad har ansvar. Vi må reklamere meir for det, slik at folk er klar over at det er stolpar her. Henge opp plakatar/leggje ut på Facebook osv.	Gunn snakkar med Alexander.
Namnesak frå Vindafjord kommune		Anna høyrer med Per angåande namn som gjeld Vikebygd.
Tilbod om kurs: synleg og smart	22. september vart det heldt kurs i Suldal, også mogleg å vere med på teams, men vi hadde møte.	
Trovåg vel	Gunn har prøvd å kome i kontakt med Trovåg vel angåande å opprette kontakt med dei. Har ikkje fått svar.	
Tideling av SØK-midlar	Fått inn 6 søknadar: **Årvik gamle skule**: reparasjon av vindauge og golv, 20 000 kr. **Øvrabø skulehus**: pengar til drift og vedlikehald, 10 000 kr. **Båtforeininga**: overbygg over terrassen som er der, 30 000 kr. **Ravneredet:** utstyr til aktivitetar, 10 000 kr. **Vikebuen, avdeling Ukraina-arbeid:** 10 000 kr. **Speidaren:** til projektor og kanotralle, 15 000 kr.	Søknadane blei innvilga med dei summane det vart søkt om. Totalt utdelt 95 000 kr.

Sparekonto	Sjekke ut moglegheitene for sparekonto.	Anna opprettar dialog med Haugesund Sparebank.
Totalberedskapsåret	Arbeidet med det held fram. Kvar bygd og kommunen må ha kontakt. Finst det ein offentleg beredskapsplan for kommunen? Er Bygdahuset definert som eit samlingspunkt i tilfelle ein krisesituasjon? Finst det ein plan for å sørgje for dei som ikkje har folk rundt seg?	Gunn sender ein mail til Preben.